

"VONHEIM" OG KUNSTNARFAMILIEN. BYGDETUNET "VONHEIM".

Kjelder: Dagbok etter Rasofiel Rise, notat etter Randulf Rise, artikkel av Reidulf Frøysa.

Elan Rasofiel Rise, 1844 –1929.

Han var svært evnerik og hadde kunstnerlege givnader i mange leier. (Han var lærar, gardbrukar, komponist, kyrkjesongar, dirigent og han skreiv dikt.) Var i det heile svært oppteken av kunst og kultur av alle slag.

Han var lærar samanhengande i 48 år i skulekrinsane framme i dalen, og han var på mange måtar sjølv skulen der.

Rasofiel var svært respektert og avhalden i Bigset krins, og også elles i kommunen.

Han var den flinke, gode, omsorgsfulle læraren. Han samla dei unge til fjellturar og kyrkjeturar om sommaren, og til leik på isen om vinteren, og sjølv var han ein meister på skeiser. Han spelte fløyte og orgel, leia songen i kyrkja og på julefestar. Han var kunstnaren som teikna og måla, las dikt, komponerte og skreiv vers. Han var ein absolutt einar i bygda.

Det han vel er mest hugsa for i ettertida, er komposisjonane han laga. Mest kjend er han for tonen til Aasens "Gamle Grendi" eller "Tidt eg minnest ein gamal gard". Men kjende er også tonane til "Heve du ått ei mor, du", "Mitt heimland" og "Til Telemork", som alle har den mjuke mollklangen som særmerkjer folketonane våre.

Men det vi kanskje hugsar han best for, er det store arbeidet han la ned for å få opp interessa for song, og ikkje minst korsong, i lokalsamfunnet vårt.

Straks han var tilsett som lærar i krinsen i 1862, 18 år gamal, tok han til å samle ungdomen om seg til songøvingar. Han ville få flest mulig til å synge, lære songar og bli glade i song.

Det var helst dei sundagane det ikkje var preike i Hareidskyrkja. Då las han først teksta for dagen, og så song han med dei og lærte dei tonane til salmane. Då Landstads salmebok vart innført, kom også Lindemann si koralbok. No sette han seg føre å lære ungdomane dei mest brukte salmane og alle Lindemann sine tonar. Og etter kvart fekk dei så lære alle understemmene. Då Bigset fekk eigen skule, heldt dei øvingane der. Og dit kom ungdomar frå dei fleste krinsane i kommunen.

Når det leid mot jul, samla han folk til songkveldar på skulen, der dei øvde inn julesongane fleirstemt.

Rasofiel fekk til oppgåve å leie songen under gudstenestene i kyrkja. Han stod då på ein krakk på galleriet når han leidde salmesongen og liturgien. Bak seg hadde han ofte koret sitt.

Og etter kvart tok songen i kyrkja seg opp. Fleire og fleire av salmane vart sungne fleirstemt, og det same vart etter kvart også kyrkjelydsvara i liturgien. Tilreisande prestar og andre som opplevde å høyre kyrkjesongen i Hareid på den tida, sa at slik kyrkjesong hadde dei aldri høyrte før. R. La grunnen for den kyrkjelege kortradisjonen. Seinare kom A.C.Rise med ein meir frilyndt.

Og ungdomane flokka seg rundt han. Og alle som var med på dette var svært begeistra og kunne ikkje få rost han nok.

2. påskedag 1921 var kyrkja stuvande full. Der fekk Rasofiel Kongens fortjenestemedalje i sølv for det rike arbeidet han hadde lagt ned i skulen, for kyrkjesongen, ungdomsarbeidet, for tonane og den store kulturinnsatsen mellom folket i Hareid.

Rasofiel vart svært rørt, og gret som eit barn, vart det sagt, av den store æra som vart vist han. Han var svært smålåten, og var ikkje av dei som likte å stikke seg fram. Men denne gongen ville ungdomane og bygda stille han fram, for dei hadde så mykje å takke han for.

Men sjølv om Rasofiel var respektert og avhalden av alle, var han nok på mange måtar ein einsam mann, for få, eller ingen i bygda forstod eller kunne dele den sterke interessa han hadde for kunsten, så han måtte oftast vere åleine om alt det hugen hans brann aller mest for. Og hadde økonomien og livstilhøva hans vore betre, trur eg han kunne ha nått mykje lenger på det området. For det meste av det han kunne på dette området, var sjølvlært.

For Rasofiel kom frå fattige kår. Han var fødd i ei lita røykstove på bruk nr. 1 på Nedre Rise. Han gjekk på ein skarve omgangsskule. Faga der var lesing i ABC boka og i Grøgaards lesebok, litt skriveopplæring, men mest pugging av Pontoppidans forklaring. Seinare var han så heldig å få gå på ein kveldsskule som lærar og kyrkjesongar Lars Hareid sette i gang. Dette gav meirsmak, og han viste han var ein evnerik kar. Så då teologane Knudsen og Kobberstad hausten 1861 sette i gang "Voldens høiere Almenskole", kom han med i det første elevkullet der. Etter nyttår vart han så flytt opp i "Voldens Lærerskole" som dei same teologane starta då. Og etter 6 månader tok han i juli 1862 lærareksamen med hovudkarakteren "Meget duelig". Og same hausten vart han tilsett som lærar i Rise, Røyset og Snipsøyr skulekrinsar, seinare Bigset krins, der han altså arbeidde i 48 år.

Rasofiel kjende heile tida på at han hadde for lite kunnskap og hadde svært lyst til å lære meir. Han tenkte på å gå Stord Lærarskule, men han greidde ikkje å skaffe seg pengar til dette og "måtte slå den tonni ut", som han sa.

Men han prøvde å få med så mange kurs han hadde råd til. Kombinerte det gjerne med besøk i kunstgalleri, dersom der var det i nærleiken.

Sommaren 1876 vart det halde eit 4-5 vekers skandinavisk lærarkurs på Vonheim Folkehøgskule i Gausdal, og dit måtte han.

Han reiste saman med Per Riste og Hans Vartdal med båt til Vestnes. Derifrå reiste Riste og Vartdal med hesteskysst til Gausdal, men Rasofiel gjekk heile vegen til Vonheim, og han kom dit lenge før dei som køyrde, heitest det. Folk vitsa med at han hadde sprunge heile vegen, for han var så tittføtt når han gjekk at det såg slik ut. Der møtte over 100 lærarar, ein del også frå Sverige og Danmark. Og der var svære forelesarar: Sjølvaste Christoffer Bruun (prest og grunnleggaren av folkehøgskulen) forelas om dei to Samuelsbøkene, Kristoffer Janson (prest og forfattar, målmann) om emne frå Noregs-soga, Frits Hanson om emne frå verdssoga, Ingvar Bøhn om pedagogiske emne, og sjølvaste Bjørnstjerne Bjørnson om ei reise til Roma.

Men Rasofiel hadde fleire ærend den sommaren. Då kurset var slutt, gjekk han til Kristiania for å finne kunstmålaren Knut Bergslien som dreiv ein privat målarskule der, for å høyre om han kunne få kome inn på skulen hans. Og det kunne han få når det høvde slik.

Rasofiel var, som vi har høyrte, ein svært evnerik kar, og han hadde også kunstnerlege evner og interesser lang utover det vanlege. Han var svært musikalsk, flink fløytespelar, komponist, songar og dirigent, og han var også ein flink teiknar og kunstmålar, og på dette feltet hadde han lyst å lære meir, og kanskje bli kunstnar på heiltid.

Og i 1877 melde spørsmålet seg for fullt om han skulle velje kunstnarvegen eller arbeidet i skulen. Han hadde vanskar med å bestemme seg; var litt usikker på om han hadde stor nok givnad til å satse einsegn på kunsten. Så han kunne tenkje seg å få råd frå andre kunstnarar om kva han skulle gjere. I april 1877 bestemte han seg derfor for å reise til Kristiania for å gå på målarskulen til Knut Bergslien. Og frå reisa dit, og også frå heimreisa, har vi dagboknotat om opplevingane han hadde på turen. (Han skreiv med blyant i ei lita notisbok han bar med seg. Fann boka mellom forskjellig papirrusk. Blyet hadde smitta litt frå side til side, så det begynte å bli vanskeleg å lese. Derfor har eg no skrive av boka for å berge innhaldet medan skrifta enno er leseleg.) Skal lese kva han skriv om reisa til Kristiania: "Minne fraa Kristianiareisa mi 1877".

På målaraskulen til Bergslien likte han seg svært godt, og tida gjekk som ein røyk. Kvar dag var som ein solskinsdag for han, sa han, og alt han laga vart kjære eignaltar.

Når han ikkje arbeidde på skulen, besøkte han kunstgalleria i byen og studerte målarasykka der. Søndagane gjekk han oftast i ei eller anna kyrkje for å høyre på prestane, men kanskje aller helst for å lytte til orgelmusikken. Best likte han seg i Vår Frelsars Kyrkje, for der var Ludvig Lindemann organist. Hans orgelmusikk, tonane og klangane han kunne trylle fram, greip han sterkt, og vart ei oppleving han aldri kunne gløyme.

Men etter 3 månader begynte det å minke på pengane. I tillegg fekk han vondt i augene; han tolte ikkje all den intense stiringa når han skulle måle.

Så til si store sorg måtte han slutte på målaraskulen, og den 3. august byrja han på heimvegen. Og no gjekk ferda til fots. Pargaset sitt bar han i ein ransel på ryggen, og i eine handa bar han målaraskrinet sitt. Vi kan følgje han frå dag til dag i dagboka hans til fots over Krokkleiva, gjennom Ringerike, Hadeland og opp gjennom Valdres, der han begeistra skildrar den vakre, målariske naturen han vandra i. Han skulle til Lærdal, der han skulle ta båt til Bjørgvin, og så båt derifrå til Ålesund. Han hadde med fløyta si, og den brukte han flittig. Folk som arbeidde ute rette ryggane og vart ståande og lytte til fløytespelet. Dette var noko nytt for dei, og dei vart aldri leie av å høyre på. Han var inni kyrkjene han passerte og såg på kunsten der. Og han var innom gardar for å prate med folk eller kjøpe mat og få seg husrom for natta, og alle stadér vart han godt motteken. Når han skulle betale for seg, ville dei ofte ha berre takk, eller dei bad han spele meir på fløyta til dei, så var det betling nok. (Lese litt frå dagboka: På Krokkleiva- Kongens utsyn, Dronningens utsyn, avsnittet der dei skil lag og han blir åleine på heimveg og må spele ut både glede og lengt på fløyta, skyssen ned til Lærdal).

Då han kom heim, fekk han i oppdrag å restaurere og måle opp att altertavla frå den gamle Hareidskyrkja som no skulle inn i nyekyrkja dei heldt på å bygge, noko han gjorde på ein framifrå måte.

Etter ferien tok han til att med skulen, og det vart ikkje mykje tid til måling, noko som gnog han litt. Men no måtte han ta ei avgjerd om vegvalet for framtida. Han kom til at dei dårlege augene og ein usikker økonomi gjorde det noko usikkert å satse på kunstnarvegen, enda det var det han hadde aller mest lyst til. Men han kjende også at han var glad i arbeidet med borna og ungdommen, og at det ville verte tungt å seie skulen og borna farvel. Derfor valde han skulen og slo seg ned på Bigset.

Og no når valet var gjort, måtte han tenkje på å få seg ein bustad, noko han kunne kalle sitt, for han var trøytt av å vandre frå matbord til matbord. Han kjøpte då eit heilt urydda jordstykke nede på Bigset. På nedste delen av stykket gav han fri tomt og leikeplass til den første faste skulen i Bigset. Den stod ferdig i 1878, og Rasofiel budde i eit lite kammers der til han fekk ferdig sitt eige hus.

Han kalla garden sin "Vonheim", kanskje inspirert frå turen i 1876.

Og no fekk penselen kvile, for all fritid gjekk med til å rydde og dyrke jorda. Han hadde eit sterkt ynskje om å gjere det pent og ryddig der han skulle ha heimen sin, og alt han gjorde bar tydeleg preg av å vere utført av ein kunstnar med ordenssans og sans for det vakre.

I 1878 og 1880 bygde han først løy og så stovebygning. Huset hadde ark og veranda, noko som var eit særstykke på den tida.

I 1880 gifte han seg med Augusta Olsdotter Liavåg (1860 – 1896) og dei flytte inn i Vonheim. Ho var då 20 år, og han 36. Mor til Augusta var dotter til lensmannen i Herøy, Stevelin Cappelen, så ho var såleis av den vidgreina, gåverike Cappelenslekta som kom frå Tyskland. Og no vart det nokre lukkelege, men strevsame år på Vonheim. Og dei skapte seg ein fin heim. Ein Thrond Sjursen Hauknæs skriv i 1888 om huset i ei reiseskildring frå Hareid: "Her havde han bygget et vakkert hus med veranda! Det så ut som et hotel. Jeg gik omkring i de mange renskurede, godt indrettede værelser lige fra kjøkken og spiskammers til kvistværelsene og fik det indtrykk, at mangt et hotel må stå tilbage for dette hus. Her var sofaer, stoppede stoler, kostbare bord, store speil og lamper, og for vinduerne gardiner samt pianoforteorgel og en stor bogsamling."

I løpet av 16 år fekk dei 12 born, 10 gutar og 2 jenter:

Randulf (1880 – 1972), kunstnarevner, odelsgut, gardbrukar, lærar i Bigset 1910 – 1950 (40 år), organist i Hareid kyrkje i 30 år, ordførar i Hareid i 14 år, bankstyre. Hobbyar: Litteratur, musikk, teikning, film, reiser i utlandet. Ugift.

Nyfrid Anbjørg (1882 – 1911), husstell- og handgjerningslærarinne, orgel. Ugift.

Ovald (1884 – 1943), **fiolinist, kapellmeister, komponist, kunstmålar, orgel.** Ugift. Oslo.

John Olav, 1885 – 1978), **fotograf, kunstfotograf, kunstmålar, orgel.** Ugift.

Ragnar (1887-1927), orgel, fløyte, treskjerar, kunstmålar, teiknar. Ugift..

Hermod (1888 - 1953), **Kunstmålar og pianist.** Gift, 2 born.

Allaug (1889 - 1975), husarbeidar. Stelte huset for far og sysken. Ugift.

Sverre, (1890 - 1976), lærar, orgel og fløyte. Ugift.

Asbjørn (1892 – 1975), bakar, glad i litteratur, filosofisk givnad. På institusjon. Ugift.

Einar Hagbard, (1893 – 1973), Organist, musikk lærar, komponerte. Ugift. Oslo.

Dagmund (1895 – 1950), bakar, orgel. Gift, 3 born. Ålesund/Bergen.

Audun Oddleiv, (1896 – 1940), Skreddar. Gift, 2 born. Ålesund.

Men så vart det brått slutt, for Augusta døde i 1896 ein dag etter at Audun var fødd.

Rasofiel vart no åleine med ein stor barneflokk. Berre Randulf var konfirmert. 3 av borna vart sette bort til andre. Den nyfødde Audun og systera Allaug på 7 år flytte til besteforeldra i Liavågen. Audun vaks opp der inn, men Allaug flytte heim til Vonheim då ho var 15 år. Hermod, som då var 8, kom til presten i Herøy, men han lengta slik at han fekk flytte heim etter 1 år.

Rasofiel gifte seg ikkje opp att, og han greidde seg godt saman med borna.. Alle måtte hjelpe til, og særleg fekk Nyfrid på 14 år mykje ansvar då mora døde.

Borna var evnerike og mange hadde kunstnargivnader. Og Rasofiel visste å stimulere dei. Song, musikk, teikning og måling fekk ein brei plass i heimen. Særleg var orgelet mykje brukt, så der var det kamp om å kome til.

Etter kvart vart borna vaksne og flytte heimanfrå for å skaffe seg eit yrke, men i feriane kom dei heim og hjelte faren i onnene. Ingen av dei valde fiskaryrket som vel var det mest vanlege her. Kva vart det så av dei ? (Sjå oversikten)

(John den av Rise-brørne som vart mest kjend i utlandet. Utdanna fotograf i Ålesund, Oslo, København. Spesiell sans for lysvirkning. Fotograferte modellar frå Det Nye Teateret. Plasserte modellane slik at det vart kunst av det. Kom med på utstillingar i utlandet i 20-åra: Stockholm, London, Brussel, Antwerpen, Torino, Budapest, Milano, Madrid, Barcelona, Chicago og New York.

Kom heim i 1930 og veksla då mellom fotografering, orgelspel dikting og gardsarbeid. Han var ein ekte Rasofiel-son.

Det spesielle med fotokunsten hans var at han ofte laga bilde ved å legge fleire negativar oppå kvarandre. Dette var noko nytt, og han laga såleis fotohistorie. 82 år gammal opna han galleri i Oslo på Statens handverks- og kunstindustriskule.

(80 år gammel debuterte han også som kunstmålar, og straks kjend som ein stor kunstnar, også i utlandet, m.a. god kritikk i eit fransk kunstblad

(**Hermod** var også ein av dei berømte Rasofiel-sønene. Reiste til Oslo og gjekk 3 år på ein underoffiserskule. Samtidig var han elev på Den kongelige tegneskole. I 1912 begynte han på Kunstakademiet, der han hadde Kristian Krohg og Halfdan Strøm til lærarar i teikning. Seinare studerte han 1 år i Paris. Portrett- og landskapsmalar. Var med på fleire utstillingar, m.a. Statens haustutstilling. Måla elles mykje på oppdrag, noko han ofte følte som ei tvangstrøye, for oppdragsgjevaren var mest opptatt av at det skulle likne. Gift med Anna Teigene og busette seg på Teigane. 2 born, Åse, som no bur i heimen der, og Tove.)

Han Randulf, siste brukaren av Vonheim, var som sagt ugift. Så då alderdomen kom, melde spørsmålet seg om kven som skulle ta over garden. Der var berre 7 borneborn etter Rasofiel, og ingen av desse hadde høve til å ta over og flytte til Bigset. Så då ideen om eit bygdetun melde seg, sa han Randulf ja til det til slutt. Og i 1964 overdrog han eigedomen til Hareid kommune som gåve, men på bestemte vilkår. I skjøtet står det m.a.: "Eg gjev eigedomen **på vilkår av at Hareid kommune nyttar den til bygdetun og stemnestad**. Eigedomen kan ikkje nyttast til anna føremål av kommunen eller andre. Gåva gjeld også husa med alt innbu og lausøyre med unntak av eit portrett og boksamlinga."

Boksamlinga hadde han nemleg gitt til Sunnmøre Museum. Men no når det såg ut til å kome eit bygdetun, gjorde kommunen avtale med museet om at bøkene skulle få vere i bygdetunet, men då i eit **eldfast rom**. Så kommunen tok på seg klare forpliktelsar då dei tok mot gåva. I 1971 vart det, noko motvillig, gjort ein tilleggsavtale med han Randulf, der kommunen får løyve til å nytte det som trengst av garden til ny skule og leikeplass i Bigset. Så for andre gong har altså kommunen fått gratis skuletomt av garden "Vonheim".

Då huset vart ståande tomt i 1976, vart boksamlinga og dei mest verdifulle bilda og tinga pakka i kasser og plasserte her og der i kommunen, og ikkje alt for like fint. Seinare vart boksamlinga katalogisert (Anne Mari Hareide), og 3200 av bøkene vart plasserte i ei eiga avdeling i folkebiblioteket, og **der bør dei få stå til vi får ført dei tilbake til bygdetunet**. Dei viktigaste maleria o.a. er no plasserte i velvet til Sparebanken Møre.

I alle desse 39 åra sidan kommunen fekk eigedomen, har alle kulturstyra og bygdetun-nemndene laga planar og arbeid for å få sett eigedomen i slik stand at han kunne nyttast til **bygdetun, museum og stemneplass for heile kommunen**, slik eigaren ynskte. Men ein har ikkje fått midlar slik at planane kunne realiserast. Der har vore for lita interesse og vilje til å prioritere bygdetunet. Det har berre vorte løyvt midlar til høgst nødvendig vedlikehald, og knapt nok det. Når forfallet har vorte gale nok, har det blitt løyvt nokre kroner slik at ein ved hjelp av dugnad, arbeid for trygd, støtte frå fylkeskonservatoren o.a. har fått tetta lekkasjar, mala og reparert det mest nødvendige utvendig. Så huset står vel i dag ikkje på skade. Men, endeleg, i **fjor** vart det sett av **200.000 kr.** til bygdetunet slik at vi no har fått begynt å realiser noko av planane. Og dei planane vi jobbar etter er:

Å sette huset i stand, slik det ein gong var, slik at det kan brukast som eit kombinert museum og kulturhus. Vi tenkjer oss då at roma i 1. etasje, dei 2 stovene og kjøkkenet, skal kunne nyttast til møtelokale for lag og org., kurs- og temakveldar, litteraturgruppe, utstillingar, intimkonsertar Roma i 2. etasje meir permanente museumsrom. Fungere som dokumentasjonssenter for Rise-familien, korsongen i Hareid m.m.

Boksamlinga, kunstverka m.m. må førast tilbake til bygdetunet, det mest verdifulle til eit brannsikert rom/hus, kombinert med eit utstillingslokale for ambulerande utstillingar.

Bygdetunet må få ein viktig funksjon som stemnestad for kommunen, t.d. 17. mai, Hareids-stemna, songarstemne osv. Det må derfor byggast permanent scene og amfi.

Bygdetunet-området kan også på sikt bli eit gardsmuseum. Då er det meininga å føre opp gamle hus av ulike slag (stabbur, kvernhus ...) i tråd med den vedtekne "Kjølåsplanen", slik at ein til slutt får fram "Den gamle Hareidsgarden".

Målet er altså å utvikle området til eit museums-, kultur- og parkanlegg der bygdetunet blir det naturlege midtpunktet.

I januar 2002 kalla nokre politikarar inn til eit folkemøte med tanke på å få stifta ei venneforeining for bygdetunet. Og resultatet vart venneforeininga "Vonheims Venner", som no har fungert i ca. 1 år, og tel i dag ca. 100 medlemmer. (Leiar har vore Johs Klungsoyr, sekr.kasserar Karen Topphol, dugnadssjef Odd Einar Bigset, sponsorkontakt Torgeir Ringstad) Har nettopp hatt årsmøte. Då sa Karen Topphol frå seg, resten tok attval. I tillegg vart Eva Urke Bigset og Siv Rise Holstad valde inn i styret.) Foreininga har som formål å arbeide for å få gjennomført utbyggingsplanane for bygdetunet, i samarbeid med den kommunale nemnda for bygdetunet, og det vil dei gjere ved å skaffe fram dugnad, sponsormidlar og andre tilskot.

Og Vonheims Venner har blitt ein svært viktig samarbeidspartnar for den kommunale nemnda, og eg trur vi blir heilt avhengig av henne skal vi nokon gong få gjennomført planane. Så eg vil oppmode alle om å teikne seg som medlemmer, for vi treng all den hjelp og støtte vi kan få. (Årskontingenten er 100 kr.)

Og ved hjelp av dei 200.000 kr og Vonheims Venner er det begynt å skje noko framme i bygdetunet:

1. **Vi har fått gjort ein del nødvendig ,utvendig vedlikehald.** Måla og kjetta vindauge. Ikkje ferdig med kjetting. Rydda skog og kratt. Dugnad V.V.
2. **Sprøytt innvendig mot mott.** (Frå Sunnmøre Museum)
3. **Engasjert Roald Sporstøl til å utarbeide arbeidsplanar for fast scene/amfi. Planar for vidare utbygging.** Dette for å ha noko konkret når det skal søkjast om midlar, og for å få samanheng og heilskap i utbygginga.Under arbeid. Fått skisse av amfiet og scena kombinert med eit eldfast hus utforma som ei grindløe.
4. **Rehabiliterert alle møblane.** Leigd hjelp. Reparert og pussa opp. Vart veldig fine. Ventar berre på å få dei på plass.
5. **Held på å pusse opp største stova.** Dugnad/leigd hjelp. Håper å få henne ferdig til 17. mai.
6. **Nytt el-anlegg.** (Leigd hjelp, kombinert med dugnad der det høver, og gaver og gode rabattar på materiellet) Ferdig med nytt inntak og største stova. Arb fortsetter etter kvart som rehabiliteringa av roma skrid fram.
7. **Avskjeringsgrøft bak huset / drenering av amfiområdet.** Under planlegging. Dugnad.
8. **Bygge amfi/scene.** Prøve å kome i gang snarast råd. Arb. kan gå parallelt med innvendig rehab. (V.V.: Kronerulling, gaver, sponsormidlar osv til materiell m.m.) (Dugnad/leigd hjelp)(Sendt søknad om støtte til Sparebanken Møre, som har sett av mill. til kulturtiltak)

Som de forstår, trengst det både mykje pengar og arbeid skal ein få dette til, så vi treng all den hjelp og støtte vi kan få. Og her kan også Rotary vere med. Vi ser det som viktig å få engasjert folk frå heile kommunen, slik at det ikkje blir sett på som eit Bigset-prosjekt. For Bygdetunet skal vere for **heile** kommunen !

Eitt er i alle fall sikkert: Får vi bygt det ut etter planane, vil det bli eit svært flott anlegg som kan vere eit verdig minnesmerke over Rasofiel og familien hans, og til nytte og glede for alle i kommunen.